

239

Oppgåveordlyd : Gjer bruk av det utleverte materialet til å skriva ei samlande og mest mogelegt kjeldebasert framstilling av Gulattingets historie frå opphavet og til og med Magnus Lagabøtes regjeringstid. Legg serleg vekt på korleis tinget vart organisert frå fase til fase.-

Innleiing

Ifrå den tidi me fyrst byrjar å få høyra om Gulattinget i kjeldene og fram til Magnus Lagabøte dør i 1280 utviklar kongemakti seg til å verta stendig meir dominerande. Kongemakti byggjer opp eit institusjonelt apparat innanfor statsstyring, og tek meir og meir kontroll over rettsstellet. Kongen greier gradvis å overta fleire av dei oppgåvene som dei lokale stormennene hadde hatt hand om i tidlegare tider, og det førde til at bondeålmugen gjekk frå å vera underorna dei lokale hovdingane til å verta underordna kongen. No må det seiast at bondeålmugen framleis vert ståande under lokale herskarar av hovdingatt, men dei lokale herskarane vart kongelege embetsmenn som hadde til overordna mål å utøva kongsviljen. Gjennom heile perioden fram til 1280 har Gulattinget til oppgåva å fastsetja domar og stadfesta lover like fullt endrar oppfatningi av rettsstellet og den yverordna organiseringi av tinget seg mykje gjennom oppgåveperioden. Eit sentralt spørsmål i oppgåva må soleis vera kvifor det skjer ei endring i oppfatningi av rettsstellet og den overordna organiseringi av tinget.

Ø. Kamp inn

DEN FYRSTE TIDBOLKEN.

... År 1030. Den første tidbolken varer fra Gulatinget oppstår og fram til den sokalla Olavsteksten som kan knytast til Olav Den Heilages regjeringstid som strekkjer seg fram til slaget på Stiklestad i 1030. Olav døyr i det slaget.

... Det som er rimelegt klårt er at det ein gong på 900-talet bar til ei endring i tingsrepresentasjonen. Me har grunn til å tru at den gamle alltingsordningi som innebar at alle som budde innanfor eit lovområde kunde fara til tings har lange tradisjonar. Alltingsordningi vert no avskaffa til føremun for ei lagtingsordning. Lagtingsordningi inneber at representantane til tinget vert oppnemnde. Gulatinget har trulegt vorte skipa av Harald Hårfagre, men overgangen frå allting til lagting ber til seinare. Det er serleg to kjelder som vert nytta til å underbyggja at overgangen frå allting til lagting ikkje ber til før omlag ved år 950. Den eine kjelda er Are frodes Islendingabok. I den boki stend det at nordmannen Ulvljot førde lov ut til Island frå Noreg, og at det meste av lovi vart fastsett etter det som då var Gulatingslovi. Absalon Taranger som har granska Are frodes Islendingabok slær fast at den lovi som Ulvljot førde over til Island bygde på alltingsordningi.

Ei anna viktig kjelda er eit utdrag frå den sokalla Egils saga, . Utdraget skildrar ein strid mellom Egil Skaldagrimsson og ein mann som heitte Berg-Onund. Striden bar til i regjeringstidi til kong Eirik Blodøks. I vedlegget frå Egils saga merker me oss fleire drag ved framstillingi av Gulatinget. Me merker oss at det er 12 domarar frå tre fylki. 12 frå Hordafylket, 12 frå Firdafylket og 12 frå sygnafylket. Me merker oss ogso at det er gjort sokalla veband kring den staden som domarane sit. Vidare registrerer me at dei to partane i denne rettskonflikten har samla kvar sine tilhengjarskarar. Dessutan har kong Eirik blodøks samla mange menn til tings. Absalon Taranger slær fast at den framstillingi gjer det klårt at det er snakk om eit allting og ikkje eit lagting. I vår samanheng kan det vera naturlegt å understreka at kongen er til stades på tinget. I ei samfunn som berre i heilt minimal grad nytta seg av skrift

kan me vanskelegt tenkja oss til at kongen kunne styra på nokon annan måte enn ved å vera til stades personleg. Det vert ogso sentralt å poengtera at ein hadde eit ambulerande kongedøme i Noreg gjenom heile den tidbolken som me omtalar her. Kongen vert fyrst i nokon grad bufast utover 1100-talet. Det ville vera tungvint for kongen å kalla til seg lokale undersåttar som kunne halda han orientert om det som skjedde på dei forskjellige tingi. Kongen kunne no elles markera seg som den øvarste leidaren for bondeålmugen dersom han var til stades på tingi. Den viktigaste endringi som ber til ifrå den tidi då me vil tru at Harald Hårfagre skipa Gulatinget og fram til den sokalla Olavteksten tek over som rettsleg normkjelda, er at lovstellet vert vurdert meir utifrå ei overordna kongeleg synsvidd enn utifrå ei snevrare lokal synsvidd. Kongen fær interessa av å halda ro og orden i lokalsamfunni. Det er ikkje berre dei som vert utsette for rettsbrot og dei einskilde bøndene som har interessa av Gulatinget. Det er eit gjennomgåande drag ved heile den delen av mellomalderen som strekkjer seg fram til Magnus Lagabøtes død i 1280 at kongen vinn nye maktposisjonar på kostnad av bondeålmugen. I den tidlege delen av mellomalderen som me omtalar her kan kongemakti alt ha hatt fleire vinningsmotiv for å omorganisera noko av tingskipnaden. Ein overgang frå allting til lagting kunne føra til at bøndene sparde kostnader som dei ville ha med å reisa til tings, og då kunne kongen med det ambulerande kongedømet ta til seg større inntekter i form av mat og drykk på dei einskilde gardane og i form av pengar eller anna gods som var tilgjengelegt. Kongen kunne vel ogso ha interessa av at Gulatinget vart eit meir eksklusivt organ med utsendingar som var serlegt oppnemnde og som berre utgjorde ein liten del av bondeålmugen. Når domane vart fastsett av ein elite av serskild oppnemnde bønder vann dei prestisje. Knut Robberstad er inne på at alltingsskipnaden fantest i mindre bygdesamfunn, men at lagtingsskipnaden vann fram p.g.a at "det stod meir age både av lovene og domane til det store tinget".

Historikarane er stort sett samde om at overgangen frå allting til lagting bar til i samband med skipingi av Gulatingslovi. I kongesogeverket Ågrip heiter det at kong Håkon Adalsteinfostre sette Gulatingslovi etter råd av Torleiv spake (kloke). Kong Håkon Adalsteinsfostre regjerte frå omlag 933 til omlag 959.

Tidbolken med Olavsteksten

Absalon Taranger tidfester Olavsteksten til 1024, og me har grunn til å tru at det ikkje ber til vesentlege lovbrigde igjen før i 1164 under kong Magnus Erlingssons regjeringstid. Olavsteksten vert samla saman med Magnusteksten i hovudhandskriftet av Gulatingslovi. I og med at Olavsteksten er teke med i eit so seint handskrift må me gå utifrå at Olavsteksten har vore gjeldande lov fram til Kong Magnus Erlingssons lovrevisjon. Olavsteksten kan kanskje ha vore noko fyldigare enn det som gjeng fram av samleteksten i Gulatingslovi, men hovudpunkti i Olavsteksten er sikkert medtekne.

I olavsteksten finn me klare reglar for kor mange tingmenn som skal nemnast opp frå kvart fylke. Me merker oss ogso at det er kome med tre nye fylke samanlikna med det som stend i det utdraget av Egils saga som me var inne på tidlegare. Det er område som har utanfor kjerneområdet for det opphavlege Gulatinget som no har kome med. Det syner oss at kongen har kome eit steg vidare i å overordna seg bondeålmugen. Han har greidd å oppnå ei sentralisering av gulatinget som domsorgan, og han har greidd å få tingmennene til å godtaka ei formalisering av korleis tinglivet skal leggjast opp.

Olavsteksten set store bøter for dei nemndemennen (tingmennene) som ikkje møter opp til Gulatinget. Det treng vel ikkje dimed vera sagt at bötene alltid vart innkravde. Det var vanlege bønder som var pålagde å møta på tinget, og dei kunne verta hindra av mange slags hendingar. Dei strenge bötene skulle vel helst signalisera at fleirtale av bøndene frå dei einskilde fylki var pålagde å møta fram, slik at ikkje heile grupper av menn skulle halda seg vekke frå tinget utan rimeleg grunn. Det er sagt i lovi at dersom alle mennene frå eit fylke ikkje møter opp, so skal dei svara 40 mark. Dersom åttandeparten av mennene frå eit fylke ikkje møter opp då skal boti minkast etter kor mange dei er. Men dersom einskildmenn let vera å møta, då skal dei bota 3 øre. Det ser altso ut til å vera ein skilnad på fleire menn eller grupper av menn og einskildmenn. Det kan vel vera grunnlag for ei viss skjønnsstolking kor stor boti skal vera når fleire tingmenn frå eit fylke let vera å møta. I allefall er det ikkje fastsett nokon eksakt botesats i slike høve.

Olavsteksten er svært sparsam når det gjeld å koma inn på dei utreidslene som skal ytast til at nemndemennene kan fara til tings. Det stend berre at det skal leggjast ut månadsmat til manns med høve til å krevja høgre yting,so framt "vegen er lengre".Elles skal det ytast eit såld malt og eit øre sylv.Når den same ytingi hev vorte sett opp for alle dei seks fylki,so kan det tyda på at han har tufta ytingssatsen på den summen som var vanleg for kjerneområdet,og at han har overlata til randområdi å styra med utreidslene sjølve.

Olavsteksten slår fast at dei lokale tingmennene som vert idømt bøter skal betala bøkene der på Gulatinget.Det er vel ogso rimelegt å tru at dei som tapte ei sak som var oppe på eit ting laut betala boti på tinget.Det måtte vera tungvint for kongen og dei som var på tinget å halda styr på kven som skulde ha pengar.Då var det lettare å få dei lokale embetsmennene (år mannen og lendmannen) til å krevja inn pengane,soframt nokon nekta å betala for seg på tinget.Men det skulle ikkje løna seg å venta med å betala,for det skapte bry for dei kongelege embetsmennene,difor skulle ein betala dobbelt so mykje når ein nekta å betala på Gulatinget.Her ser me at det kjem opp eit meir overordn. perspektiv for rettsstellet.Før ein skipa til lagtinget og trulegt ogso etterpå var det slik at tinget fyrst og fremst skulle skapa fred og ro i samfunnet.Domane tok aldri sikte på å vera rettferdige sånn som me tenkjer oss i vår tid.Det viktige var ikkje kven som hadde rett,men at partane kom fram til ei løysing som var slik at ingen av dei tapte andlet.Soleis var det nok utover heile mellomalderen,men når ein innfører bøtesystemet,vert det ogso signalisert at eit rettsbrot er ei handling som samfunnet og kongen vil straffa.Det er ikkje alltid og utan vidare nok å gjera opp med den parten som ein har krenkt. Når det er sagt ,so finst det ogso døme på at partane kunne inngå forlik etter at ein dom var fastsett.

Tidbolken med Magnusteksten

Magnusteksten seier mykje av det same som Olavsteksten, men det er komne til ein del nye element i Magnusteksten. Utreidsla til nemndemennene er fastsett i detalj for nemndemenn frå alle fylke. Talet på nemndemenn er : skore ned frå 400 i Olavsteksten til 246 (jamfør Taranger sida 19 i oppgåvevedlegget). Det skal ogso gå fram av teksten at møteplikti for lendmennene vart avgrensa (sjå Knut Helle: Norge blir en stat sida 63).

Utover 1100-talet tok kongen til å bruka skrift i riksadministrasjonen. Kongen kan nok ha bruka skrift ogso før 1100-talet, men det er no at det byrjar å koma mange kongsbrev og diplom med kongelege påbod. Denne utviklingi kuliminerer med hovudhandskriftet av Gulatingsslovi som vert tidfesta til omkring 1250.

Me må gå utifrå at endringane ifrå Olavsteksten til Magnusteksten inneber at kongemakti har vunne autoritet. Det er ikkje lenger naudsynt å kalla inn like mange nemndemenn som før, for tiltrui til Gulatinget er vorte større. Når det no vert sett serskilde utreidsler for kvart fylke, og når utreidslene er mykje høgare enn det som var oppsett som generell utreidsla for randfylki, so tyder det på at bøndene har vore viljuge til å betala meir for nemndemennene. Den høgare utreidsla har sjølvsgatt ogso samanheng med at det vart færre nemndemenn å nytta utreidsler til. Me ser at summen for Hordafylket er den same både hjå Olav og Magnus. Det er eit tydelegt teikn på at Hordafylket har vore mønsterdanande då Olavsteksten vart skriven.

Når kongen avgrensar møteplikti for lendmenn kan det tyda på at kongen har vunne so sterk hevd for dei rettslege prosedyrane på tinget at det ikkje var turvande å ha so mange medhjelparar hjå seg. Det kan t.d vera at det har vorte lettare å få inn dei bøtene som tinget idømte anten for di bøndene betalte eller for di det var råd å senda skriftlege meldingar til dei lokale embetsmennene om kven som nekta å betala bøter.

Wart Hkjend e.l.

No kan det tenkjast ein annan grunn til at lendmennene ikkje hadde like stor møteplikt som før. Sjølv om lendmennene kunne vera til stades på tingi, er det lite truleg at dei fekk sitja i den domsnemndi som gjorde vedtak i lovsaker - i alle fall ikkje utan samtykkje frå bøndene. Taranger etterviser at bøndene på Gulatinget la svært stor vekt på at domsnemndi skulle vera uavhengig. Lendmennene kunne rettnok vera med på å godkjenna eller ikkje godkjenna ein dom på tinget, men det kan vera høve til å tvila på om dei kunne forkasta ein dom som domsnemndi hadde kome fram til. Me finn ikkje noko i det kjeldematerialet som er aktuelt her som kan tyda på at lendmennene kunne øva nemneverdig kontroll over domsutfalle på Gulatinget. Det einaste som kunne underbyggja ein slik teori eller innvending måtte vera at lendmennene saman med årmennene og sysselmennene nemnde opp nemndemennene til tinget, men det vert for langhenta å hevda at lendmennene kunne påverka domsutfallet gjennom oppnemningsretten.

I denne samanhengen kan me soleis konkludera med at lendmennene ikkje hadde serlege interesser av å vera til stades på tingi.

Magnus Lagabøtes landslov

Då Magnus Lagabøters landslov vert skriva er det tydelegt at kongemakti har fenge nokso stor kontroll over tinget. Lagmannen på tinget hadde frå fyrst av vore den som sa fram lovene. Han kunne velja kva for nokre delar av lovene han ville leggja vekt på når han las, og han kunne utelata delar av lovene som han ikkje ville ha med. Lagmannen var soleis den som la grunnlaget for domsseiingane. I landslovi fær han domsrett når dei andre lagrettemennene er usamde.

Kongen vert overordna lagretten. Dersom kongen "med de skjønnsomste menns råd ser at annet er lovligare", kan han gripa inn å avgjera ein dom. Sjølv om landslovi berre er ei normativ lovkjelda som ikkje kan seia noko om domspraksisen på tinget, so slår lovi fast eit prinsipp som har mykje å seia. Det er grunn til å tru at kongen hadde lite interessa av å gripa inn i ei sak der alle lagrettemennene var samde, og dersom han skulle gjera det kunne han i den yttarste konsekvens like godt døma i alle sakene sjølv. Hadde lagretten vorte tilsidesett i fleire viktige saker der alle lagrettemennene var samde kunne dei dessutan byrja å opponera mot kongen og rettsautoriteten til Gulatinget kunne ha vorte lågare. Kongen var avhengig av studnad nedanfrå, men det var hans perspektiv og interesser som skulle vera avgjerande.

I tidi før landslovi vart vedteke hadde det vore slik at Gulatinget var den høgaste domsmakti. Kongen skulle sjølv vera underlagt lovi. I landslovi stend derimot kongen fram som ei høgare domsmakt enn Gulatinget. Dersom nokon var usamde i ein dom som vart fastsett på tinget kunne dei anka domen inn for kongen. Kongen stod berre fram som domar i nokre fåe tilfelle, og han har visstnok dømt i samråd med domsmenn.

Det viktige nye var likefullt at kongen no hadde høve til å gripa inn i domsapparatet i svært mange saker. I teorien kunne kongen avgjera so og seia alle saker, soframt dei som var dømde var viljuge til å anka domen. Kongen vart soleis sett over lovi. Kongen kunne gripa inn og gjeva straffefritak, straffelette eller han kunne innskjerpa ein dom. Det er vanskelegt å sjå for seg at tingmennene hadde vilja gjeva sanksjon på kong Magnus Lagabøters landslov, om ikkje dei hadde sett på kongen som eit sterkt riksberande element som dei var avhengige av å stå på god fot med.

Det er utifrå eit rimelegt skjønn ein påfallande ulikskap mellom Magnusteksten i Gulatingslovi og landslovi. Magnusteksten avgrensar møteplikti for lendmenn, medan landslovi innskjerpar møteplikti for lendmenn og set ei bot på 3 Mark for alle kongelege og kyrkjelege embetsmenn som ikkje møter opp på tinget. Talet på nemndemenn vert redusert i båe tekstane. Det ser ikkje ut til at dei kjeldene som er vedlagde kan gjeva noko nemneverdig forklåring på at det vart viktig å få dei kongelege embetsmennene til å møta opp på tinget. Nokre generelle refleksjonar kan ein vel like fullt finna grunnlag for.

Før Magnus Erlingssons tid var mykje av lovstellet knytt til ættehemn. Magnus sette bom for den gamle sedvanen med sjølvtekt, vald og ættedrap. Etterkvart utviklar det seg ordningar for offentleg etterforskning og påtale. Det var kongens embetsmenn som stod for arbeidet med å etterforska saker og reisa påtale i saker. Det er rart at lendmennene som truleg alt på Magnus Erlingssons tid må ha arbeidd ein del med å reisa påtaler. Dei fekk avgrensa møteplikt. Ei forklåring kan kanskje vera at mange saker vart reiste lokalt. Arbeidet med å henta inn prov og å reisa påtale vart kanhenda gjort kjend, og det kunne vera uturvande for dei kongelege embetsmennene å møta opp på tinget for å leggja fram sakene.

No kan det tenkjast ein annan grunn til at lendmennene ikkje hadde like stor møteplikt som før. Sjølv om lendmennene kunne vera til stades på tingi, er det lite truleg at dei fekk sitja i den domsnemndi som gjorde vedtak i lovsaker -i alle fall ikkje utan samtykkje frå bøndene. Taranger etterviser at bøndene på Gulatinget la svært stor vekt på at domsnemndi skulle vera uavhengig .Lendmennene kunne rettnok vera med på å godkjenna eller ikkje godkjenna ein dom på tinget, men det kan vera høve til å tvila på om dei kunne forkasta ein dom som domsnemndi hadde kome fram til. Me finn ikkje noko i det kjeldematerialet som er aktuelt her som kan tyda på at lendmennene kunne øva nemneverdig kontroll over domsutfallet på Gulatinget. Det einaste som kunne underbyggja ein slik teori eller innvending måtte vera at lendmennene saman med årmennene og sysselmennene nemnde opp nemndemennene til tinget, men det vert for langhenta å hevda at lendmennene kunne påverka domsutfallet gjennom oppnemningsretten.

I denne samanhengen kan me soleis konkludera med at lendmennene ikkje hadde serlege interesser av å vera til stades på tingi.

Magnus Lagabøtes landslov

Då Magnus Lagabøters landslov vert skriva er det tydelegt at kongemakti har fenge nokso stor kontroll over tinget. Lagmannen på tinget hadde frå fyrst av vore den som sa fram lovene. Han kunne velja kva for nokre delar av lovene han ville leggja vekt på når han las, og han kunne utelata delar av lovene som han ikkje ville ha med. Lagmannen var soleis den som la grunnlaget for domsseiingane. I landslovi fær han domsrett når dei andre lagrettemennene er usamde.

Kongen vert overordna lagretten. Dersom kongen "med de skjønnsomste menns råd ser at annet er lovligare", kan han gripa inn å avgjera ein dom. Sjølv om landslovi berre er ei normativ lovkjelda som ikkje kan seia noko om domspraksisen på tinget, so slær lovi fast eit prinsipp som har mykje å seia. Det er grunn til å tru at kongen hadde lite interessa av å gripa inn i ei sak der alle lagrettemennene var samde, og dersom han skulle gjera det kunne han i den yttarste konsekvens like godt døma i alle sakene sjølv. Hadde lagretten vorte tilsidesett i fleire viktige saker der alle lagrettemennene var samde kunne dei dessutanbyrja å opponera mot kongen og rettsautoriteten til Gulatinget kunne ha vorte lågare. Kongen var avhengig av studnad (støtte) nedanfrå, men det var hans perspektiv og interesser som skulle vera avgjerande.

På Magnus Lagabøtes tid freista ein å få dei lokale forliksrådi domene til å verta meir underordna Gulatinget enn før.No vart det kanskje reist direkte påtale og teke opp eit fyrste provsopptak på tinget. Det kan ha gjort det viktigare å ha dei kongelege embetsmennene tilstades.

No kan det peikast på at det gjerne var år mannen som gjorde etterforsknings- og påtalearbeidet, og dei er ikkje underlagt noko avgrensa møteplikt i Magnusteksten. Dei skal møta alle saman. Det verkar i alle fall noko merkverdig at lendmennene vert meir sentrale i tinglivet etter at Magnusteksten var skriven.

Avslutning

Denne oppgåva har fyrst og fremst hatt til siktemål å visa korleis kongemakti overtek kontrollen med rettstellet i mellomalderssamfunnet. Dei fleste orsakene til at tinglivet endrar seg kan tilskrivast at kongemakti vinn autoritet, og at tingålmugen byrjar å sjå på kongen som ein overordna og samlande maktfigur som dei må underordna seg. Oppgåva har for ein stor del sett kjeldene inn i ei generell råma. Ein berande tanke i oppgåva har vore å visa korleis kongens makt speglar seg av i kjeldene.

kjelder

Oppgåvevedlegget
Knut Helle Norge blir en stat
Grunntrekk i norsk historie
førelsesnotat
Gyldendal leksikon

17 november skipa språkrådet til seminar um målrokt. Kjell Venås heldt det fyrste fyredraget. Venås slo fast at ein ikkje kann snakka um lingvistisk målrokt. Målrokt er knytt til identifikasjon. Ein kann minke identifikasjon ned til små målføregruppon. Amund B. Larsen granska noko han kalla granneposisjon millom ymse målføre. Det vil segja at avstanden millom tvo målføre vert større enn han treng verta fordi målbrukarar vil stå fast på eigne målføredrag.

Venås gav sogeutsyner. Han vende seg til italiensk målrokt i samband med forfattaren Dante og han sveipa innum den nederlandske målrokti på 1600-talet. Han greidde òg ut noko um skandinaviske målrokt dei siste hundradåri.

Venås samla seg etterkvart um dei tvo målroktarane Ivar Aasen og Knud Knudsen. Aasen var ivrig tilhengjar av å gjera heimlege og yverleverte ord til skriftmålsord. Sume hev hevda at Aasen ikkje var so stor målroktar som han hev ord på seg å vera. Dei hev m.a. vist til at han nytta dansk/tyske ord i sume forteljingar frå Sunnmøre. Det er rimeleg å tru at Aasen nytta ordi fordi dei var vanlege i heimelivet hans på Sunnmøre. I andre høve såg Aasen meir profesjonelt på målrokt. Elles kann ein vel tolka andre utsegnar frå Aasen soleis at det var råd å nytta framandord stilistisk og når ein mangla handfaste avløysarar på norsk. Venås peika dessutan på at det er fleire måtar å laga nyord for lånord på. Ein kann driva målføredling slik at eit målføreord vert skriftmålsfest. Ein kann skapa nye ord eller ein kann konstruera kunstige ordavløysingar av målroktargrunnar.

Venås kom elles inn på Knud Knudsen. Knudsen var ivrig målroktar og vilde reinsa dansken. Det var serleg tyske ord Knudsen var ute etter. Venås meinte at dei finlitterære forfattarane frå Ibsen og Bjørnson til dei norskdanske og nynorske heimstaddiktarane var dei viktigaste målroktarane. Venås slutta m.a. med å hevda at språklege nedfall frå engelsk/amerikanske filmar m.m. renn fram saman med innhaldet i denne påverknaden. Me ynskjer knapt korkje å fremja innhaldet og endå mindre språket i mangt av denne påverknaden, avslutta Venås.

Neste fyredragshaldar var Endre Brunstad. Brunstad meinte det er uheldigt å trengja burt ein diskusjon um det nasjonale. Han skissera fleire plan innanfor målrokt og nasjonalisme. Han meinte at nasjonalisme heng saman med grensemarkering. Det same gjeld språkleg målrokt. Ein kann snakka um samhandlingsmålrokt. Dersom t.d. Per som kjem frå Sunnmøre hev vore på ferie i ein annan del av landet og kjem heim att òg nyttar ord og uttrykk frå feriestaden, vert han utsett for samhandlingsmålrokt. No snakkar du ikkje sunnmørsk og slikt kann du ikkje segja på sunnmørsk kann han få høyra. Både målrokt og nasjonalisme heng saman med skriftspråksdanning og med større ideologiske yverbyggnader.

Det finst ikkje målroktarspråk, men det finst målroktarideologiar, slo Brunstad fast. Denne ideologien er langt viktigare enn sjøve språkstrukturen. Difor er tysk eit ord med mange framandord. Det finst fleire former for målrokt ein kann driva målrokt av språkljodar, morfologiske målformer og setningsmålrokt o.s.b.